



Sølvbergås  
Skarsvegen 705  
5911 ALVERSUND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/3918 - 21/37083

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
02.06.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 148/6 Lilleskaret

Tiltak: Oppføring av garasje  
Byggjestad: Gbnr: 148/6  
Tiltakshavar: Sølvbergås  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.04.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket krev dispensasjon frå byggjegrense mot fylkesveg som skal handsamast av Vestland fylkeskommune vegavdelinga før vi kan ta stode til saka. Garasje ligg 20 m frå vegmidten.
2. Det skal visast snumoglegheit på eiga grunn på situasjonskartet.
3. Tiltaket ligg i ras-og skredfareområde H\_310 ifølgje kommunedelplanen og krev geologisk vurdering av risiko for ras/skred før det kan gjevast løyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.07.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Sølve Bergås

Skarsvegen 705

5911 ALVERSUND